
Saknr: 2020/45553-1
Saksbehandlar: Lena Merete Söderholm

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		16.04.2020

Marin tiltaksplan 2020

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtek Tiltaksplan 2020 - marin sektor.
2. Hovudutvalet ser det som særskilt viktig å bidra til utvikling av berekraftig akvakultur og å samarbeide med kommunane om arealbruk.
3. Hovedutvalet ber fylkesdirektøren, med utgangspunkt i utfordringane i havbruksnæringane med alle anlegg i «raud» og «gul» sone i Vestland, med påfølgande produksjonsavgrensingane i havbruksnæringa, å kome tilbake med ei sak knytt til ei større satsing i marin sektor frå 2021.

Samandrag

Med grunnlag i vedteke Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020 er det utarbeidd ein tiltaksplan for å koordinere det marine arbeidet i Vestland fylkeskommune.

Tiltaksplanen er forankra i målsetjinga i handlingsprogrammet:
«Vestland har mål om å vera Europas leiande region for innovasjon, forskning og utdanning knytt til havnæringar og fornybar energiproduksjon.»

Det er lista opp fem innsatsområde med ei rekke ulike aktivitetar knytt opp mot kvart av innsatsområda. Det er vidare skissert moglege samarbeidspartar for gjennomføring av tiltaka og gjort eit grovt anslag over det økonomiske behovet dersom tiltaka skal kunne gjennomførast.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef naturressurs, landbruk og reiseliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er utarbeidd ein tiltaksplan for den marine innsatsen i Vestland fylkeskommune i 2020. Tiltaksplanen skal koordinere innsatsen vår og er avgrensa til område der fylkeskommunen i første omgang kan bidra til å gjere ein skildnad for å utvikle ei lønsam og berekraftig marin næring.

Med utgangspunkt i utfordringane i havbruksnæringane, særleg produksjonsavgrensingane i havbruksnæringa, ynskjer fylkesdirektøren å ta initiativ til ei større satsing i marin sektor frå 2021. Denne handlingsplanen skal organisere arbeidet til denne satsinga er etablert.

I «Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020» er kapittelet om naturressursar særleg relevant for arbeidet innan marin sektor og bidreg til innhald og retning i denne tiltaksplanen.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon har vedtaksmynde.

Vurderingar og verknader

Fylkeskommunen sitt arbeid med marin sektor femnar vidt

Dei to tidlegare fylkeskommunane som no utgjer Vestland fylke hadde ulike innretningar og arbeidsmetodar for sitt arbeid innan marin sektor. Dette gjeld først og fremst den delen av arbeidet som ikkje er reint forvaltingsretta, sidan akvakulturforvaltinga i dei to tidlegare fylka gjennom fleire år har hatt eit samarbeid gjennom fylkeskommunane sitt samarbeidsprosjektet FAKS (Fylkeskommunalt akvakultursamarbeid).

Dei to tidlegare fylkeskommunane har vore engasjert i ei breitt spekter av samarbeid, prosjekt og tiltak innan marin næringsutvikling. Både som initiativtakar og også som deltakar der andre organisasjonar, med kommunar, nettverk, klynger eller institusjonar sit i førarsetet. Å legge til rette areal for ein berekraftig vekst i marine næringar er eit viktig område for fylkeskommunen. Likeså å syte for at den opplæringa vi gjev i vidaregåande skule er kunnskapsbasert, tidsaktuell og i tråd med næringslivet sine behov. I tillegg har vi t.d. vore engasjert i ekspertpanel i regionale forskingsfond Vest (RFF Vest), vurdert prosjektsøknadar gjennom utlysingar, og vurdert og svart på høyringar som er relevante for marin næringsutvikling og forvaltning. Vi er aktive på mange område og lista over er på inga måte uttømmende.

I akvakulturforvaltninga jobbar vi først og fremst med klarering av oppdrettslokalitetar, både til sjøs og til lands, og har ein utstrekt kontakt med andre statlege regionale aktørar og kommunar gjennom dette arbeidet. Ei nærare beskriving av fylkeskommunen sitt arbeid med arealbruk og akvakulturforvaltning er å finne i eige vedlegg.

Om tiltaksplanen

For å sikre koordinering mellom seksjonar og avdelingar i fylkeskommunen, og synleggjere samhandling med relevante partnarar i næringsliv, regional stat og FoU-institusjonar er det no utarbeidd ein marin tiltaksplan for 2020.

Tiltaksplanen er utarbeidd i ein inkluderande prosess der alle dei marine medarbeidarane i fylkeskommunen er invitert til ei aktiv deltaking, noko som også har vorte følgd opp i handling.

Tiltaksplanen er avgrensa til område der fylkeskommunen i første omgang kan bidra til å gjere ein forskjell for å utvikle ei lønsam og berekraftig marin næring.

Planen baserer seg på følgjande mål for arbeidet i marin sektor:

Vestland fylkeskommunen skal støtte opp om marine næringar på Vestlandet og bidra til arbeidsplassar og berekraftig vekst basert på samarbeid og kunnskap om marint miljø.

Den synleggjer vidare eit sett med seks strategiar for gjennomføring av arbeidet i tiltaksplanen, samt ei kort beskriving av innsatsområda. Avslutningsvis i tiltaksplanen vert det lista opp konkrete

tiltak der vi har sett på moglege samarbeidspartnarar og estimert kostnadar knyta til dei ulike tiltaka.

Dei fem innsatsområda i tiltaksplanen er: Kunnskapsbasert akvakulturforvaltning, Arealbruk og arealplanlegging , Grøn verdiskaping, Kompetanse og rekruttering og Fiskeri i ikkje-prioritert rekkefølge.

Avgrensa tilgang til personalressursar gjer at vi truleg ikkje kan rekne med måloppnåing i alle tiltaka som er lista i planen. Særleg manglar Vestland spisskompetanse på fiskerisektoren. Men også innan næringsutvikling og forvaltning har vi samla sett mindre ressursar i dag enn det dei to tidlegare fylkeskommunen hadde. Dette vil prege aktiviteten.

I tillegg ser vi at pandemien som no råker oss gjer at det ligg ein viss grad av uvisse til om fleire av tiltaka let seg gjennomføre. Særleg vil dette ramme møteplassar og nettverksaktivitetar.

Økonomi: Fleire av aktivitetane som er lista for 2020 vil krevje økonomiske midlar for å kunne gjennomførast. Eit grovt overslag er å finne i tabellen i vedlegg 1 «Marin tiltaksplan 2020»

Klima: Store deler av aktiviteten innan marin sektor er i ein eller anna form knytt opp mot å bidra til å vidareutvikle ei meir økologisk berekraftig næring. Aktivitetar innan arealbruk, grøn verdiskaping og kunnskapsbasert akvakulturforvaltning vil alle kunne bidra til det grønne skiftet.

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Tiltaksplanen gjeld 2020. Det vert laga ein ny næringsplan, basert på føringar frå regional planstrategi.

Konklusjon

Marin tiltaksplan 2020 er utarbeidd i avdeling for innovasjon og næringsutvikling med deltaking frå tilsette i fleire seksjonar. Tiltaksplanen er eit dokument som skal bidra til å prioritere og samordne fylkeskommunen sin aktivitet på tvers av seksjonar og avdelingar og med andre relevante partnarar. Det er målet at tiltaksplanen skal bli ein del av ei større satsing frå 2021, som fylkesdirektøren vil komme tilbake til.